

Referat frå Årsmøte i Herøy Sogelag 10.mars 2022 kl 18.30

Stad: Kvadranten i Fosnavåg.

Det møtte 11 medlemmar medrekna styret. Nina Elisabeth Bøe frå styret hadde meldt forfall på grunn av sjukdom.

Saker:

1. Val av møteleiar og sekretær.

Johan Moltu vart vald til møteleiar og Johanne Moltu Lundberg vart vald til sekretær.

2. Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader.

3. Årsmeldinga. Sekretæren las opp årsmeldinga. Årsmeldinga vart godkjend med desse merknadene.

-Leif Skorpen har hatt ansvar for Herøykalendaren, og kalendaren vert trykt i 1000 eksemplar.

-Boka Herøybåtar i hundre år kom ut i 1998.

4. Rekneskap. Kasserar Johan Sundnes gjorde greie for rekneskapet, og dette vart godkjent utan merknader.

5. Kontingent.

Styret ser ingen grunn til å heve kontingenten som i fleire år har vore på kr 300. Sogelaget er i dag i ein gunstig økonomisk situasjon. Årsmøte hadde ingen kommentarer til dette, og kontingenten vert ståande som no.

6. Vedtektsendring.

Valkomiteen har fremja ei sak om vedtektsendring. I vedtektene står det at varamedlemmar skal veljast for 1 år. Valkomiteen foreslår at varamedlemmane vert valde for 2 år, då det vil lette deira arbeid. Det kom ingen kommentarer til dette bortsett frå at ikkje alle varamedlemmane bør stå på val same året. Forslaget til vedtektsendringa vart vedteke: Varamedlemmar skal veljast for 2 år.

7. Val.

Johan Moltu vart vald til leiar.

Nina Elisabeth Bøe og Johanne Moltu Lundberg tok ikkje attval. Alf Olger Dypvik og Greta Kvalsvik vart valde som styremedlemmar.

Styret for 2022 vert dermed:

Leiar: Johan Moltu

Styremedlemmar:

Jon Olav Kopperstad (ikkje på val)

Sølvi Woldsund Myrhol (ikkje på val)

Johan Sundnes (kommunerepresentant)

Ny: Alf Olger Dypvik vald for 2 år

Ny: Greta Kvalsvik vald for 2 år

Varamedlemmar:

Hildur Lid Hole, vald for 1 år

Gunnhild Maurstad, vald for 2 år

Hege Beddari, vald for 2 år

Revisorar, valde for 1 år:

Bertha Johannesen

Anna Aasmo

Valnemd:

Aud Pettersen

Aase Sivertsen

Aud Sølvi Hjelmeseeth, ny

Nina Elisabeth Bøe og Johanne Moltu Lundberg som gjekk ut av styret, fekk bokgåve og gode ord og stor takk for innsatsen av Johan.

Etter ei pause, med kaffe og rundstykker, viste Johan Ottesen fotografi av Herøy i 50 åra. Det var interessant å sjå dei store endringane i bygdene sidan den tid. Han har ei stor samling av bilder, og har ei heimeside; Flyfotoarkivet. Det er mogleg å kjøpe bilder frå dette arkivet i papirformat.

-Elles viste Per Odd Paulsen fram bilde av storfæringen som familien eig, og som dei vil prøve å få istandsett. Båten er meir enn 150 år gammal, og har ei rik og interessant historie. Dei har samlingar av ulike reidskap i familien, og andre ting som kanskje kan vere aktuelt å få dokumentert i Folk og Fortid. Han viste dessutan bilete av vervarslingsmasta som var i bruk i Fosnavåg til etter krigen.

-Jon Olav Kopperstad fortalde om arbeidet med den nye båtboka, og arbeidsprosessen gruppa som arbeider med denne er i.

-Sølvi Woldsund Myrhol som er i kontakt med bygdelaga i høve bygdevandringane, fortalde om den neste bygdevandringa som blir på Leikong 24.april.

Møte slutt kl 20.30

Ref Johanne Moltu Lundberg